Avtale mellom 3 parti og Prestnes

29.09.2011

Går kvar sin veg - Knut Prestnes og Elin Legland (Foto: Kvinnheringen)

Seint i går kveld vart det inngått avtale mellom Arbeidarpartiet, Venstre, Framstegspartiet og Knut Prestnes om politikken i Kvinnherad dei næraste 4 åra. Synnøve Solbakken held fram som ordførar medan Elisabeth Eide Tharaldsen vert varaordførar

Prestnes har valt å gå sin egen veg på tvers av sitt parti.
Partileiar Elin Legland frå Uskedalen meiner at Prestnes dermed opptrer uryddig.
i høve til partiet.

Ho uttaler til Grenda at hennar parti både ideologisk, politisk og i verdisyn ligg for langt unna Frp. Legland fekk melding om Prestnes sitt standpunkt i går føremiddag og reagerte med å uttale at han dermed skaper store utfordringar for partiet. Ho trur ikkje det går an for Sp å sitja med to grupperingar i kommunestyret.

Om Prestnes vil bli eksludert er noko fylkesstyret må avgjera.
legland minnar om at det er strame retningsliner for slike tilfeller.

Av Ola Matti Mathisen